

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. **Gifteferdig Ungdom.**Fylke: **Møre og Romsdal.**Tilleggsspørsmål nr. **71.**Herad: **Haram.**Emne: **1. Synet på giftarmål.**Bygdelag: **Uksnøy og Harøy.**Oppskr. av: **Knut Uksnøy .**Gard: **Uksnøy.**(adresse): **77 år.**G.nr. 2 Br.nr. **2x 1.**A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsl. **Etter eiga røynsl og fortejing frå eldre tider.**B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): **Vanskeleg å minnst høye no.**

## SVAR

- nr. 1. Det tok foreldra ikkje so nøye i min tid.
2. Dette tok dei heller ikkje so nøye.
3. Nei.
4. Ja.
5. Nei, men dei vilde gi gode råd.
6. I eldre tider då dei økonomiske tilhøve var trange, var det mange gardeigara som la planer for gitemål avdi dei var redde fattigdomen og gardsbruket var den tryggaste liveveg.
7. Nei.
8. Ja: "systerbyte" og "syskenbyte". Når to huslydar har ein gut og ei gjente og disse vert gift saman, - slik at guten frå første- vert gift med gjenta frå andre huslyden og omvendt, då er det "systerbyte"- og samstundes "Syskenbyte".
9. Grunnane kunne berre vera sjølv kjerleigen som drog, men andre grunnar kunne det også vera: at velstanden skulde fylja og styrke etta.
10. Nære skyldskap var folk til vanlegt redd. Dei trudde at enkelte sjukdomar eller anna veikskap kunn ervast på borna. Eg kjenner til at fleire vart gift saman so nær som "Syskenborn".
11. Nei, ikkje det eg kjenner til.
12. Ja, av og til i min tid.
13. Nei.
14. Ja, hjå vaksne sysken og gode vaksne kammerater.
15. Eg kjenner ikkje til at "skamskot" eller "opptok" var brukt i vår bygd. Men opphavsmannen til slikt, måtte vera tidlegare friar- eller friara til bruda.



Eg kjenner ei sann soge frå litt før min tid: Der var ein annan friar enn brugom til ei gjente. Då dei vart vigde ved kyrkja, let brugommen etter seg på kyrkjegarden ei skjendavise og bruda. Visa vart funna og var sjølvstakt tenkt til friaren som tapte. Han budde i nerleiken av kyrkja.

16. Eg kjenner ikkje til at det vart sett prøve på gut eller gjente. Men eg kjenner til at foreldra gav etter for giftemål som dei frå først av var imot.

17. I vår tid var tilhøva for gifting nokso frie. Ein kunne gifte seg med tenestefolk, fiskara og andre. Men i eldre tider var foreldre imot at borna deire skulde gifte seg til dei som ikkje åtte noko, serkegt jordgods. Det var knapt om mat i dei tider, og det var ikkje mykje det det gjalt.

18. Med enkjerne var det friare avdi dei som oftast hadde både heim og jord. Det gjalt ogso om å få ein mann som kunne driva garden og syta for borna, om ho hadde noko. (Soga fortel at i eit fiskedistrikt som Haram, var det ofte - helst under torskefisket om vinterte: i januar, februar, mars og april, kom det burt mange mann på sjøen. Dei 4 åra 1702 -1706 kom det burt 113 mann. Mange av disse var gifte menn. Mangelen på mannfolk for å driva jordbruket, var so stort at dei måtte søkja Kongen om at unggutane måtte sleppa militerteneste for å vera heime å drive gardane. Det var stor mangel på korn og brødmatt den gongen.)

Mange menn frå fjordbygderne kom ut på øyane for å drive torskefiske, enten som "rorsmenn"- leigemenn med fast løn-, eller dei hadde egne fiskebåtar og leigde seg inn i hus på øyane. Disse mennene var godt kjennde på øyane og mange av dei gifte seg med med enkjerne etter dei som var burtkömne. Innkoma av fisket på i sjøbygderne gjorde at livemåten var betre og det drog fjordmennene utover.

19. Det var nokk vanlegt at gutane helst valde ei "gjete med bok". Som nemnt før, so var det ofte like mykje tryggleik for livemåten, som gjeta det gjalt, under giftemål.



20. Eg kjenner ikkje til "varsel". Men veit etter forteljing at ungdomen i eldre tider jamt over var meir reliøst innstilt, enn no, og at dei trudde på åndsmakterne at dei kunne gi dei eit "varsel", s.t.d. ved ein draum.

21. Eg kjenner ikkje til at det vart brukt "hugvendingsdropar" i eldre tider og heller ikkje i min tid. Men eg kjenner til at tyskarane under siste krig brukte "tablettar" å gi dei norske kvinnone for å få dei "forelska".

22. Eg veit at Cortison -tablettar, ein forholdsvis ny medesin, gir "stimulanse" til kroppen og truleg også til kjønnsorganene, og verknaden er vistnokk, stuttvarig.

23. Det er ei vanleg innstilling millom ungdom i den første tida dei er trulova, at dei ikkje er i fylje "om dagen". Eg kjenner eit ordtøkje som var brukt og som går mykje i sane leid: "Ikkje skulde ei gjente vera doven og lat, og ikkje huga på mat, og ikkje ligga saman med gutane."

#### 24. 11. Nattefriing.

Merknad: For ikkje å gjera dei eldre tider nokon urett, vil eg seia min meining om det De kalla "Nattefriing".

Stovehusa var små og trange, og dei hadde ofte stor huslyd og dertil vanlegt 4 tenara på ein gard. To gutar og to gjenter. Før industrien kom, var det gardsbruket som tok overskotet av folketilveksten.

Av disse grunnar måtte gjentene, om sumaren ligga på "fjøslemmen"- ikkje i fjøset. Om vinteren låg gjetene på loftet i stova, ofte i same rom som vaksne søner og tenestegutar.

"Nattefriing" er etter min meining eit altfor sterkt uttrykk. Det heitte millom gutane: å gå på "loftet" eller på "lemmen". Det var i eldre tider to slag guter og gjenter, som no. Det eine slaget var Arlege ungdomar som leitte etter kjærleik til den dei var glad i. Dette var den størst flokken. Som tilhøva var i framfarne tider, med lite sankome millom ungdomen, so var det ein naturleg utveg "å gå på loftet" for å finna den gjenta han var glad i. Det andre slaget av gutar var dei som vilde nytta "elkhogen" til usømd. Dei var då som vanlegt "dugga" av brennevin og delvis laga "bråk".

Gjenterne har til alle tider vore stekare enn gutane, til sømd i elkhugen.



Det var ikkje berre gjentene som låg i "fjøsset" eller på "fjøslemmen". L.K. Grønnevet frå Vartdal, Sunnmøre, fødd 1874, skriv: "Stova i Grønnevet, der me var fødde, var ei vanleg røykstøve med ljordog ein stor kokeomn til varme og koking. Der var eit endekammers, men det var grise og utan omn, så det var lite brukande til sengerom om vinteren. Når det vart kaldt, tok tenestegjenta og syster mi sengerom på fjøshjellen, og når me tvillingane kom opp i 10-11 års alderen, fekk me liggje på fjøshjellen - - -."

De skriv: "I året 1778 var det frå alle preikestolar i Norge lese opp eit kongeleg forbod mot nattefriing."

I eldre tider var det prestane som vart brukt som "tukte-meitera" og skulde påtale all usømd millom folket. Vi kjenner t.d. "Gapestokken" som stod ved kyrkjeporten.

Bestemor, mi, fortalde ei soge frå Sandøy i Romsdalen.

Der var ei gjete i 16-17 års alderen som skulde konfirmerast.

Denne gjenta hadde same året fått eit barn, Presten Dikk, sette som vilkår for at gjeta skulde verta konfirmera, at ho skulde halda barnet sitt i fanget når ho stod på kyrkjegolv, under konfirmasjonen. Dette til skrekk og åtvaring, og "kyrkjetukt".

24. Natte-friing har ikkje vore sers kjennt, korkje i eldre eller min tid. At ein og annan "nattelauparen" fanns før, og ogso no, er nokk ikkje å kome utanom. Skulde ein tenkja på usømeleg framferd av gutane, so er nok den likso stor<sup>no</sup> som i eldre tider.

25. Nattelaupar.

26. Ein som gjekk på "friing om natta" kunne ha ein ærleg erend, medan den som gjekk på "natteløyping" var helst på "rovfiske".

27. Når gutane gjekk frå gard til gard i småe flokkar på kring 4-6, var dei som oftast litt "på han" av brennevin, som mykje var brukt i eldre tider. På slike ferder rekna gutane med å finna gjenterne helst ute.

28. Gutane måtte vera konfirmera før dei fekk vera med.

29. Vanlegt kameratar frå same garden.

30. Ja, dersom dei før var kammerater.

31. Det var helst laurdagskvelden og ogso natta millom 2 og 3 joledag som vart nytta til "loftgange".

32. Dei likte ikkje at det kom gutar frå andre gtender.

33. På våre kanter var det ikkje nokon skilnad millom bondesøner og tenestegutar.



34. Tenestefolket hadde fritt til eige arbeid: frå og med 3 dag jol og til nyttår, 13tende dag, 2onde dag, kyndesmesdag (2 februar/) og alle laurdagskveldar etter "nonsmat" kl. 5 em. - og dertil Jonsokdag, 3 dag Påske og 3 dag Pinse.
35. Nei, det kjenner eg ikkje til.
36. Når det var dødsfall, bar alle vyrndad for det.
37. det var ikkje brukt i vår bygd.
38. Det er ikkje godt å svara på.
39. Nei.
40. Ja sjølvsagt.
41. Dei likte ikkje slike "vitjingar".
42. Gjetene drygd nokk med å lata gutane inn, før dei viste kvenn dei var.
43. Helst "brunsukker".
44. Nei.
45. Nei, ikkje under nattefriing.
46. Den vart nokk ikkje langvarig når dei var mange ålag.

Den einslege nattefriaren.

47. Ja det hende nokk stundom.
48. Helst ein annan kveld.
49. Ja.
50. Dersom det var kjærleiken som dreiv, kunne det verta ofte.
51. Foto av seg sjølv.
52. Helst dei som lika same gjeta.
53. Slik framferd, kjenner eg ikkje til.
54. Sjølvsgt ille.
55. Ogso på same vis.
56. Det kjenner eg ikkje til.
57. Han gjekk trulegt helst å leine.

111. Andre måtar som førde ungdomen saman slik at dei lærde kvarandre å kjenna.

A. På kyrkjebakken.

58. Ja.
59. Nei.
60. nei.
61. Det vanlege var at gutane måtte ta initiativet til samtale.
62. Det var nokk vanskelegt på kyrkjebakken.
63. Kjenner ikkje til påskeegg eller andre gåver, frå kyrkjebakken.
64. Det var ikkje kvileplasser på kyrkjevegen på øyane, avdi vegen til kyrkja til vanleg var stutt. Men ungdomen treftes ofte



ki kyrkjebåtane til og frå kyrkja.

65. Nei.

66. Nei.

B. Gjestebod saman msd eldre.

67. Alle dei gjesebod som er nemnt i 67 var brukt.

68. Nei.

69. I gamal tid var det kjøp~~marknaden~~<sup>emeiteren</sup> som anviste flatsenga, men ikkje plassane i senga, den måtte gut eller gjente finna sjølv.

70. Det var ikkje brukt stabbedans i våre bygder.

71. Veit ikkje

72. Veit ikkje.

73. Veit ikkje.

C. Andre høve der eldre var med.

74. Ja.

75. Nei, ikkje det eg kjenner til.

76. I eldre tid var det årviss marknad på Veblunsnes i Romsdalen.

77. Gutane kjøpte gjerne, små rosemåla saumeslrin, rosemåla treskeier, vevskeier og flammehand-rame. Gjentene var skjeldan med til marknadsplassen, då det var lang sjøveg å reise med båt. På marknadsplassen var der dans.

78. Samskotlag kjenner eg ikkje til frå våre bygder.

79. ?.

D. Samkomer der ungdomen var mest for seg sjølv.

80. Ja.

81. Gjetene bad alle gutar på ein gard.

82. Det var mat og drykk og gjentene betalte.

83. Til vanlegt gutane frå ein gard, stor eller liten, og gutane måtte spandere gjestebod på gjentene istaden.

84. Nei, helst ein laurdag-eller sunndagskveld.

85. Dei hadde opplesing av morosame stykker, song, leik, og dans. Men stabbedans vei eg ikkje var brukt i vår bygd.

86. Ja, i fjorbygderne.

87. Ja, men helst dans ut på Støle og spelemann hadde dei med.

88. Ja, ungdomen kom saman både ved Jonsok og andre gamle helgedagar.

89. Ungdomen drog ut på berplukking i småe flokkar helst ein sunndag, eller ein fridag- ikkje ein bestemt børsundag.

90. Ja, dei drog ut i småflokke, men berre på den eigeidom der far, eller husbonden åtte. Eigeidomsrette var stor vurdna for.



91. Om sumarkvedane i godver var det fast regel at all ungdom møttes til leik på ein stor "voll" i utmarka for å leike. Leikane var: "å slå lyre" og "springe enkemann". Den siste leiken var slik: Ein gut tok ei gjente i handa og alle stilte seg opp attom kvar andre i ei lang rad. Enkemannen stog framom heile flokken og ropte: "Ekenannen vil ha make". So sprang bakerste paret ut. Guten på den eine sida av flokken og gjenta på den andre, i ein ring framom flokken. Dersom enkemannen i spranget då greidde å ta gjenta, vart den andre guten enkemann til neste par sprang ut.
92. Yngre gifte folk kunne vera med i leiken, men ikkje for å pass på ungdomen, men for selskaps skuld og moro. I yngre tid kom Ungdomslaga, og dei hadde møte i Ungdomshusa med kring ein månads millomrom. På møta var det foredrag av ein flink gut, eller lærar, oplesing, song og musikk. Stundom var det ogso dans eit par timar tilslutt. So ein vanleg Årsfest oppmot jol.
93. Ungdomen før gjekk saman om helgedags- kvekdane. Dei samlast i ei stor bondestove, frå ein gard. Til vanlegt var det fortljingar og skrøner, dans. Spelemannen var helst ein -eller fleire gutar frå garden.
94. Kjnner ikkje til slike samkomer.
- b) Om vinteren.
95. Eg kjenner ikkje anna enn dei vanlege kverdsæte.
96. Kjenner ikkje til "ungdoms-kvedsætene" og spørsmåla til og med lo3.
104. Dansemoroen var som før, etter at trekkspelet kom.
105. Ungdomen var saman i ski-kjelkebakken og på isen, i godt ver ofte om vinteren.
106. Gifteferdig ungdom kunne vers med etter eige ynskje.
107. Gjetene spurte gjerne husmora om det var noko sers som skuldegjerast.
108. Nei.
109. Dersom dei vilde nekta ungdomen å vera med, var det religiøse.
110. til vanlegt retta dei seg etter forbodet.

lv. Juletråd.

111. til 128: Disse skikkar om juletråd og rokkemann, kjenner eg ikkje frå våre bykder.
128. Den vanlege seiemåten var at gjentene hadde rett å fri heile skotåret.
129. Nei, eg kjenner ikkje noko bestemt tilfelle. Men truleg var det litt nytta.